

Inntakskalenderen 2017*

* Datoane nedanfor med unntak av «Førehandsvar» og «Skulestart» er rettleiande, og kan bli endra pluss/minus ein til to dagar.

Mai – Juni
1-5

Det kan søkjast om omprioritering av søknad. Sjå nærare om vilkåra for dette side 8.

Juni
15-30

Førehandsvar
I denne perioden kan du gje svar på vigo.no for tilbod om plass i vidaregåande skule som du får ved 1. inntakssomgang. Du kan uansett endre svaret i den ordinære svarperioden om du ønskjer det. Kan også nyttast for å trekkje søknaden dersom du t.d. har fått plass ved privatskule. Du svarar då Nei til plass ved førehandsvar.

Juli
7

Du får sms frå Inntakskontoret om at 1. inntakssomgang er ferdig. Deretter må du gå inn på vigo.no for å sjå inntakssultatet, og registrere svaret ditt. Søklar som ikkje har opplyst mobilnummer, eller som ikkje har 11-sifra fødsels- og personnummer får brev frå Inntakskontoret eit par dagar seinare.

Juli
25

Svarfrist 1. inntakssomgang. Utan svar mister du automatisk plass/venteliste plass etter 1. inntakssomgang.

Juli
28

Melding om at 2. inntakssomgang er ferdig blir sendt på sms. Meldinga blir berre sendt til dei som får plass, men du kan frå same dato sjå eventuelle endringar på ventelistene frå 1. inntakssomgang. **Bruk vigo.no for svarregistrering.** Merk at dersom du har fått plass på høgare prioritert ønskje ved 2. inntakssomgang, så har du automatisk mista

plassen du fekk ved 1. inntakssomgang. Grunnen til dette er at du ved 1. inntakssomgang svara JA til å stå på venteliste.

August
6

Svarfrist 2. inntakssomgang. Sjå også informasjon under 25. juli.

August
8

Melding om at 3. inntakssomgang er ferdig blir sendt på sms. Melding blir berre sendt til dei som får plass. **Bruk vigo.no for svarregistrering.** Merk at du etter skulestart berre kan få plass på høgare prioritert utdanningsprogram/programråde, ikkje på høgare prioritert skule.

1. inntakssomgang
Juli
7

2. inntakssomgang
Juli
28

3. inntakssomgang
August
8

Skulestart
August
16

August
16

1. skuledag for elevane. Nærare melding om kor tid du skal møte vil som hovudregel bli gitt på vigo.no når du får tilbod om plass, eller på skulen si heimeside.

Merk deg at du ikkje kan rekne med å få fri til feriereiser ved skulestart. Tilbodet om skuleplass gjeld berre for 1. skuledag. Det er ditt ansvar å møte på skulen til rett dag/tid. Dersom du ikkje møter 1. skuledag, og ikkje har fått formell skriftleg permisjon frå skulen, har du ikkje rett til å få tilbake plassen dersom du møter fram seinare. Du vil også bli plassert nederst på evt. venteliste før skulen/Inntakskontoret kan gi deg nytt tilbod om plass.

August
18-31

Oppfylling av ledige elevplassar. Dei ledige plassane i Bergen blir fylte opp frå Inntakskontoret f.o.m. 18. august. I resten av fylket fyller den enkelte skule opp dei ledige elevplassane. **Merk at du ikkje får tilbod om plass ved høgare prioritert skule på same utdanningsprogram eller programråde, sjølv om det blir ledig plass etter skulestart.** Unntak blir gjort for søklarar med lang reiseveg.

Sjå elles informasjon på hordaland.no frå ca. 14. august om inntak av elevar til ledige plassar ved skulane i Bergen etter skulestart.

September
1

Opplæringsavdelinga v/Inntakskontoret har det formelle ansvaret for inntak av elevar, men førespurnad om plass skal rettast til den enkelte skule.

November
1

Sluttar du i vidaregåande skule seinare enn 1. november, har du brukt eitt år av opplæringsretten din. Du kan då risikere at du ikkje får fullført vidaregåande opplæring med kompetanse. Nærare informasjon får du på Inntakskontoret eller m.a. på nettstaden vilbli.no.